

Årsmøteprotokoll 2007

I henhold til innkalling, vart Årsmøte for 2006 i Nordhordland Handverk- og Industrilag halde på Alver Hotel, laurdag 14. april 2007 kl 1500.

Det var 33 personar tilstades, og 28 medlemsbedrifter var representerte slik :

Medlemsbedrift :	Representant:
Hydro ASA, Bergen	Arvid Sulen
Wergeland Halsvik AS	Lars Hellandsjø,
Safe Port AS	Siv Wergeland
Nordea Bank	Cathrine Dreyer Hermansen
Frank Mohn Flatøy AS	Roald Olsvold og Ivar K Johannessen
Magne Hope AS	Øystein Hope
Lindås VVS AS	Nils Træland
Statoil Mongstad	Frode M Skaar
Maritime Engineering AS	Nils Landro
MTI AS	Dagfinn Namtvedt
Sparebanken Sogn og Fj.	Arvid Røysum, Ragnhild Undertun
Radøygruppen AS	Lasse Ståløy og Olav Ståløy
Mongstad Elektro AS	Arnt Brandtun
Finn Claussen Fossafe AS	Jonny Titland
Ing Taule AS	Karl A Taule
Knarvik Finans AS	Vidar Bernes
Langenes Bygg AS	Helge Langenes
Mongstadbase AS	Ragnhild T Langøy
Fedje Mekaniske AS	Edvard Koppen, Magne Kolltveit og Magne uthaug
Helland Elektro AS	Trond Helland
YIT Industrier	Ståle Vabø
Terne AS	Olav Enes
Mjømen&Berge	
Byggeverksemnd AS	Arve Mjømen
ADU Ingeniør Atle D Utkilen	Atle Utkilen
Hodnekvam Transport	Jarle Hodnekvam
Mongstad Terminalen AS	Thomas Bogetvedt
Seilmaker Iversen AS	Tor Iversen
CreDEX Økonomi AS	Trond Vetås

I tillegg var dagleg leiar i NHIL, Svein M Nordvik, til stades.

Formann, Lars Hellandsjø, vart vald til møteleiar, og Svein M Nordvik vart vald til sekretær.

Til å underteikna protokollen vart valde : Ragnhild Langøy og Øystein Hope.

Utsendt innkalling og sakliste vart godkjend:

1. Styret si årsmelding for 2006
2. Rekneskap for 2006
3. Fastsetting av medlemskontingent for 2007
4. Budsjett for 2007
5. Forslag til Strategiplan 2007 - 2012
6. Forslag til nytt æresmedlem
7. Val i samsvar med vedtektene
8. Eventuelt

SAK 1

Årsmelding

Årsmeldinga vart gjennomgått av formannen og utvalsformennene. Det var ingen spørsmål til meldinga.

Vedtak : Årsmelding for 2006 vart samrøystes vedteken slik den låg føre.

SAK 2

Rekneskap

Rekneskapen for 2006 vart gjennomgått av dagleg leiar. Rekneskapen er revidert av revisor, som ikkje hadde merknader.

Vedtak : Rekneskapen for 2006 vart samrøstes vedteken.

SAK 3

Medlemskontingent for 2007

Styret sitt framlegg til nye kontingentsatsar, basert på at NHIL skal vera sjølvfinansierande var:

1 tilsett	:	kr	750,-
2 – 10 tilsette	:	kr	1800,-
11 – 30 tilsette	:	kr	3500,-
31 og fleire	:	kr	6500,-

Vedtak : Framlegg til kontingentsatsar for 2007 vart vedteke samrøystes.

SAK 4

Budsjett 2007

Budsjettet for 2007 har ei inntektsramme på kr 940.000,- og ei utgiftsramme på kr 938.000,-.

Vedtak : Framlegg til budsjett for 2007 vart vedteke samrøystes.

SAK: 5

Forslag til Strategiplan 2007 – 2012

Forslaget – og arbeidet med det - vart presentert av Cathrine Dreyer Hermansen.

Det framkom kommentarar til at:

- NHIL må være pådrivar for at det vert sett av areal til høgskule i Litlås/Fonnes området
- det må tilretteleggjast for ingeniørutdanning. I denne forbindelse må også bedriftene forplikte seg til utdanning av studentar.
- leiarrolla vil bli endra framover – lokal opplæring av mellomleiarar vert viktig
- det må tilretteleggjast også for bustad bygging i nord områda samt full barnehagedekning i alle kommunane.

Vedtak : Framlegg til ny Strategiplan for 2007 – 2012 vart vedteke samrøystes.

SAK 6

Nytt Æresmedlem

Formannen reiegjorde for bakgrunnen til at Arvid Sulen er foreslått utnemnd til Æresmedlem.

Vedtak : Framlegget vart vedteke med akklamasjon.

SAK 7.

Val av styre, formann, revisor og valnemnd

Medlem i valnemnda, Nils Træland, orienterte om nemnda sitt arbeid. 5 styremedlemmer står på val, av desse hadde Cathrine D Hermansen og Arvid Sulen sagt frå seg attval.

Valnemnda gjorde slikt framlegg:

Lars Hellandsjø	Attval som formann
Ivar K Johannessen	Attval
Lasse Ståløy	Attval
Ragnhild Langøy	Nytt styremedlem
Håkon Nesheim	Nytt styremedlem

Vedtak : Valnemnda sitt framlegg på styre og formann vart vedteke samrøystes.

Styret for 2007 vert då :

Lars Hellandsjø Formann
Øystein Hope
Ivar K Johannessen
Tor Iversen
Frode M Skaar
Lasse Ståløy
Jonny Titland
Ragnhild Langøy
Håkon Nesheim

Val av revisor m/varamann: Valnemnda gjorde slikt framlegg : Trond Vetås vert vald til revisor med Asle Hindenes som varamann.

Vedtak : Framlegget vart vedteke samrøystes.

Oppnemning av ny valnemnd:

Det vart framlegg om Øyvind Myhr, Nils Landro og Arvid Sulen, med sistnemnde som formann.

Vedtak : Framlegget vart vedteke samrøystes .

SAK 7

Eventuelt

Det var ingen saker til behandling under dette punktet, årsmøtet vart heva kl 1555. Etter årsmøtet gav Arvid Kråkenes og Terje Alling ein presentasjon av temaet:
"Kva kan hindra ein ny "Fedje ulukke" med vekt på kva lærdom ein kan trekka.
Møtet vart avslutta kl 1720.

Ragnhild Langøy
Sign

Øystein Hope
Sign